


Hald fokus!

Lukas 24:44-49 «⁴⁴ Så sa han til dei: Dette er orda mine, som eg tala til dykk medan eg endå var hjå dykk, at det måtte oppfyllast alt det som er skrive om meg i Moselova og profetane og salmane. ⁴⁵ Då opna han for tankane deira, så dei kunne skjønna Skriftene. ⁴⁶ Og han sa til dei: Så står det skrive, at Messias måtte lida og stå opp att frå dei døde tredje dagen, ⁴⁷ og at omvending og forlating for syndene skal forkynnast i hans namn for alle folkeslag, frå Jerusalem og vidare ut. ⁴⁸ De er vitne om dette. ⁴⁹ Og sjå, eg sender over dykk det som Far min har lova. Men de skal halda dykk i byen til de vert kledde i kraft frå det høge».



Johannes 21:25 «Men det er òg mykje anna som Jesus har gjort. Skulle det skrivast ned, kvar ting for seg, då meiner eg at heile verda ikkje kunne røma alle dei bøkene som då måtte skrivast»



Johannes 14:26 «Men talsmannen, Den Heilage Ande, som Faderen skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alle ting, og minna dykk om alt det som eg har sagt dykk».

2.Timoteus 3.14–17 «¹⁴ Men bli du verande i det du har lært og er overtydd om. For du veit kven du har lært det av, ¹⁵ og heilt frå barndomen kjenner du Dei heilage skriftene, som kan gjera deg vis til frelse ved trua på Kristus Jesus. ¹⁶ Heile Skrifta er innanda av Gud og nyttig til lærdom, til overtyding, til rettleiing, til oppseding i rettferd, ¹⁷ så Guds menneske kan vera fullkome, dugande til all god gjerning.»

1.Mosebok 1:1-3 «¹ I opphavet skapte Gud himmelen og jorda. ² Og jorda var aud og tom, mørker låg over det store djupet, og Guds Ande sveiv over vatna. ³ Då sa Gud: Det verte ljøs! Og det vart ljøs».

2.Peter 1:19-21 «¹⁹ Og dess fastare har vi profetordet, som de gjer vel i å akta på. Det er som ei lampe som lyser på ein mørk stad, til dagen lyser fram og morgonstjerna går opp i hjarto dykkar. ²⁰ For fyrst og fremst veit de dette, at ikkje noko profetord i Skrifta er gjeve til eiga tyding. ²¹ For aldri har noko profetord vorte til ved menneskevilje, men dei heilage Guds menn tala drivne av Den Heilage Ande».

2.Peters brev 3:16 «Det har han gjort i alle breva der han talar om dette. I dei er det noko som er vanskeleg å skjøna, og som dei ustøe og ulærde vrangtolkar, slik dei gjer med dei andre Skriftene òg, til sin eigen undergang».

Jesaja 41:21-24 «²¹ Kom hit med saka dykkar, seier Herren. Kom fram med dykkar grunnar og prov, seier Jakobs konge. ²² Lat dei koma fram med dei og kunngjera for oss det som skal henda! Fortel oss om det som har vore, så vi kan leggja merke til det og læra kva utgangen vert! Eller lat oss få høyra om det som skal henda! ²³ Kunngjer kva som skal koma heretter, så vi kan vita at de er gudar! Ja, gjer noko godt eller noko vondt, så vi kan sjå det alle saman og undrast! ²⁴ Sjå, de er ingenting, og verket dykkar er ingenting! Ein styggedom er den som vel dykk»

- Forrådt av ein av sine næraste (Sal. 41:10),
- Hans egne disiplar tok anstøt (Sal 31:12),
- Falske anklager (Sal 35:12),
- Taus framfor sine domarar (Jes 53:7),
- Det vart ikkje funne skuld hos han (Jes. 53:9),
- Han vart rekna mellom forbrytarar (Jes. 53:12),
- Han bad for sine fiendar (Jes. 53:12),
- Han vart håna av sine fiendar (Sal. 109:26),
- Korsfestinga (Sal. 22:17),
- Hån om at han ikkje kunne frelse nokon (Sal. 22:8-9),
- Dei kasta lodd om hans kjortel (Sal. 22:19),
- Forlatt av Gud (Sal. 22:2),
- Han tørsta (Sal. 69:22),
- Han oppgav sin ande til Faderen (Sal. 31:6),
- Hans bein skulle ikkje brytast (Sal. 34:21),
- Han skulle få ei rikmanns grav (Jes. 53:9)



Johannes 5:46-47 «⁴⁶ For dersom de trudde Moses, så hadde de trudd meg. For det er om meg han har skrive. ⁴⁷ Men dersom de ikkje trur skriftene hans, korleis kan de då tru orda mine?»

Matteus 5:18 «For sanneleg seier eg dykk: Før himmel og jord forgår, skal ikkje den minste bokstav eller ein einaste prikk i lova forgå, før det har hendt alt saman»

Romberbrevet 10:17 «Så kjem då trua av forkynninga som ein høyrer, og forkynninga som ein høyrer, kjem ved Kristi ord.»

Kolosserbrevet 3:16 «Lat Kristi ord bu rikeleg mellom dykk, så de lærer og formanar kvarandre i all visdom med salmar og lovsongar og åndelege viser og syng for Gud med takksemd i hjarto dykkar»

1.Korinterbrev 14:26 «Korleis er det då, brør? Når de kjem saman, då har kvar av dykk ein salme, ein lærdom, ei openberring, ei tunge eller ei tyding: Lat alt vera til oppbygging»

Salme 12:7 «Herrens ord er reine ord, liksom sølv som er lutra i ein smeltedigel i jorda – sju gonger reinsa»

Salme 119:89 «Til evig tid, Herre, står ditt ord fast i himmelen »